

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Nord-Trøndelag  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Frol  
 Emne: Julenissen Bygdelag: Frol  
 Oppskr. av: Arne Vardchaug Gard: Sørholt  
 (adresse): Levanger G.nr. 13 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det er ikkje lengere enn ein 25 - 30 år sidan eg kom i kontakt med julenissen , og då først på jolefestar for born . Det er muleg at andre kjende til nissen før i Frol , men det er lite truleg . Ein fekk vist først greie på den frå julehefter og julekort .
2. På festene kjem julenissen med gottes til barna , og i heimane kan han tildels koma med ~~xx~~ alle jolegaver , men det hender og at han kjem med noen småting til barna berre .
3. Jolenissen skal helst ikkje vera alt for stor . Og kven som skal vera nisse er tilhøva som avgjer , det kan vera både vaksne og store ungar , både kvende og kar .
4. Jolenissen har helst maske med kvitt skjegg og rau topplue. Klede ellest kan variera etter høvet .
5. Eg veit det har vore laga masker heime , men nå vert dei gjerne kjøpt .
6. Julebukk er meire ukjend i Frol .
7. Sjå nr 6 .
8. Ukjend for meg .
9. Det ligg for meg at eg har høyrd fortellingar om julegavor som kom på merkelege måtar , men eg kan ikkje nå korkje tid eller stadfesta noe , og heller ikkje gi att noe sikkert .

5472

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING